

ØYKJASKOR

Høgdemeter over havet: 150 m

Lengde: ca 1 km

Tid: 15- 30 min timar frå parkering ein veg

Gradering: Lett tur. Alternativ 1 tung tur, alt. 2 middels tur, alt 3 middels tur

Vegskildring: Turen startar i sentrum, og det er best å parkere ved Coop. Kryss vegen og start turen ved Jaunsen Gjestgjevarstad. Gå til venstre ved Jaunsen (sjå skilt) og følg vegen gjennom dei tre gardstuna. Vidare skal du følgje raudmerka traktorveg/ sti fram til Flatneset (her står det benker og skilt). Ta av til høgre og stien går vidare bratt oppover heilt fram til Øykjaskår der turkassa står. Stien er raudmerka heile vegen. Det er fin utsikt over Granvin her. Om du vil gå ein runde kan du gå vidare på raudmerka sti nedover igjen og du kjem då ned til Sjurskår. Her deler rutene seg og du kan gå vidare til Gråskår og Aodnagavlen, eller du kan gå tilbake same veg. Pga beiteområde er det ynskjeleg at ein går same veg tilbake.

Alternativt frå Sjurskår er å gå rett nedover på raud sti til du kjem til ei stor grind som du må gå igjennom, og over bakkane og ut på vegen bak Jaunsen. MEN dette er beiteområde for vèr!

Turtips 1. Før du kjem til Flatneset ser du ein lavvo i terrenget som barnehagen nyttar. Her står det eit skilt til Skyttargravene som er verdt å gå innom. Dette er eit krigsminne frå andre verdskrig.

Turtips 2. Frå Sjurskår kan du gå rett opp til Gråskår også på raudmerka løype. Då kan du og gå vidare opp til Aodnagavlen. (her er det hogd mykje skog i vinter med alt av «rot» det fører med seg. Eller du kan gå om Geilane og rett opp til Aodnagavlen. Her er det og sett ut ein benk. Det er fleire turruter å gå i dette området. Når du skal gå ned kan du velje å gå om Nestås, eller rett ned til barnehagen.

GOD TUR!

Granvin Turlag!